

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 17/2003

Møtedato: 26.3.03

Arkiv nr:

ELGJAKT

Frå Statskog er det oversendt rundskriv datert 18.02.03 om utleige av elgjakta og det er to tema som er aktuelle for V.Slidre.

Pris:

Statskog skriv at prisen skal vera marknadstilpassa, men ikkje vera prisleiande. På private områder ligg prisen på 50-100 kr/kg i Sør-Noreg i følge Statskog. I V.Slidre er prisen i dag 50 kr/kg med halv pris på vaksne dyr under 140 kg, ungdyr under 100 kg og kalv under 50 kg. Statskog foreslår at prisen blir auka til 60-65 kr/kg. Grunnavgifta blir foreslege auka frå kr 2600 til kr 2800 kr pr. dyr (uendra frå 1995).

Opplæringsjakt:

I 2002 hadde Statskog opplæringsjakt på elg, med eineansvar eller saman med andre, i Namsos, Sør-Fron, Kongsberg og Gjerstad. Dette vil blir ført vidare i 2003 med eit nytt tilbod i Kongsvinger. I Trøndelag har dei fleste fjellstyra og Statskog gjeve eit tilskot på kr 50/felt elg til opplæringsjakt. F.o.m. 2003 går Statskog Sør-Norge inn med eit tilskot på kr 50/felt elg og oppfordrar fjellstyra til å gjera det same. Det er lite informasjon om gjennomføring av desse tiltaka. Fjellstyret har også hatt sitt eige rekrutteringsopplegg med m.a. gratis jegerprøveopplæring.

Miljøvernministeren har i pressemelding datert 7.3.03 opplyst at administrasjon av elgjakta skal overførast til fjellstyra, men med endringar som skal gjennomførast i forskrifter blir dette neppe gjennomført for jakta i 2003.

V.Slidre jeger- og fiskarlag er bedt om uttale og har gjeve følgjande uttale: *Jeger- og fiskarlaget har ingen vesentlige merknader til hovedinnholdet i de reviderte reglene. Vi reagerer imidlertid på den sterke prisøkningen det legges opp til. Foreslått økning i grunnavgiften er akseptabel, men de foreslåtte kg-prisene er uakseptable høye. Med kr. 70,- til kr. 80,- pr. kg for voksne dyr, vil Statskog være prisledende. Etter vår mening bør ikke gjeldende priser økes med mer enn prisstigningen.*

VEDTAK:

Fjellstyret ser ingen grunn til å endre vesentleg på elgjaktopplegget sidan det skal overførast til fjellstyret frå 2004, men kan tilrå at prisane blir justert p.g.a. prisstigning. Fjellstyret tilrår at grunnprisen blir sett til kr 2800 og kiloprisen blir justert opp frå 50 til kr 55.

Kjell Magne Snortheimsmoen deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 27.3.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog , Postboks 24, 2601 Lillehammer
V.Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski, 2966 Slidre